

Meir lokalhistorie

ut til folket

Moderne teknologi skal syte for at fastbuande og turistar blir betre kjende med lokal historie. Pilotprosjektet Bø/Sauherad skal medverke til å leggje grunnlaget for slike i eit landsdekkjande perspektiv.

Saman med kulturområda Dovre og Akerselva er Bø/Sauherad er eitt av tre nasjonale pilotprosjekt som i regi av Norsk kulturråd, Direktoratet for naturforvaltning, Statens kartverk og Riksantikvaren, skal freiste å få meir lokalhistorie ut til folket. I inneverande periode blir historier kartlagde, samla inn og valde ut.

ARBEIDER GRUPPEVIS

- Målet er å få ut spennande historier som bare nokre få kjenner til. Me har stor tru på verdien av å gjere slike meir tilgjengelege og kjente, seier Sindre Flø. Han er prosjektleiar for toårsprosjektet «Piloten Bø/Sauherad». I tett samarbeid med lokalhistoriske kjelder er han no i gang med å kartlegge stader og fenomen som er eigna for slike formidlingar.

- Ein har oppretta 20 grupper i dei to kommunane. Alle arbeider no innanfor sine område med å samle inn og sile ut informasjon, fortel han, og nemner historier knytt til både Bøelva og Bøgata som aktuelle informasjonspunkt.

200 KARTPUNKT

Planen er at ein gjennom ein såkalla qr-lesar og ein avansert mobiltelefon skal kunne scanne innhaldet i kartpunktet og få servert ei historie, gjerne i tillegg til ein filmsnutt, så vel som aktuell song og musikk.

- Me tenker oss kring 200 slike kartpunkt i Bø og Sauherad, basert på eit breitt spekter av historier og fenomen, seier Siri Slettevåg. Ho



TIL FOLKET: I går møttest lokale og sentrale medspelarar i «Piloten Bø/Sauherad». Ase Egeland (til venstre), Sidsel Hindal, Siri Slettevåg, Marit Kleksrud Amundsen, Hilde Pedersen, Sindre Flø og Hilda Serum er blant involverte i historieformidlingsprosjektet.

FOTO: INGEBJØRG BØ

er prosjektleiar for det nasjonale prosjektet Kultur- og naturreise, og har testa ut moglege kartpunkt langs Akerselva.

- Me veit at det finst ei stor mengde skjult kunnskap som fleire vil ha glede av. Det vere seg barnehagar, studentar, natur- og kulturinteresserte så vel som turistar, fortel ho, om det nasjonale prosjektet som så langt har ei kostnadsramme på 2,5 millionar kroner.

- Fordelen for desse tre pilotane som no er med, er at dei kan teste ut og lette seg med kortleis moderne historieformidling kan fungere på eit nasjonalt nivå, legg ho til.

I går la involverte partar i «Piloten Bø/Sauherad» fram status og framdriftsplan. Laurdag fjerde februar vil det bli skipa til eit oppe møte i Gullbring i Bø der representantar for alle dei 20 gruppene i dei to kommunane vil gjere opp status for sine arbeid.

- Dette er eit prosjekt der ein er prisgjeven kunnskapen og dugnadsinnsatsen i lokalbefolkninga.

Utan desse ville dette vore uråd å få til, seier ein spent Flø, som ser fram til prosjektarbeidet og den moderne formidlinga som ventar.

■■ INGBJØRG BØ
ingelborg.bo@ra.no



MODERNE TEKNOLOGI: Ved hjelp av ein qr-lesar og ein moderne mobiltelefon skal ein kunne få oppleve historier, film og musikk når ein passerer særskilte punkt, fortel prosjektleiar for «Piloten Bø/Sauherad», Sindre Flø og Eli Lundquist hos Riksantikvaren.

Lovendring mot bokutgivelser

Justisdepartementet vil vurdere en lovendring for å unngå at draps- og voldtektsmenns gir ut bøker om sine forbytelsler og tjener penger på dem.

USA har lenge hatt en lov som ikke nekter forbyrtere å gi ut slike bøker, men som inndrar alle inntekter den domfelte og forlagt får fra denne typen utgivelser.

Nå vurderer justisdepartementet å innføre en lignende lov her til lands etter at det er blitt kjent at Anders Behring Breivik er i ferd med å skrive bok om sine ugemninger og sin ideologi, skriver Dagsavisen.

Justisdepartementets interesse for en lovendring har utgangspunkt i et forslag fra Sime Sofies Stiftelse og Ada Sofie Austegard. Austegard viste i et brev til departementet til en bok som kom ut i for høst der forfatteren var en


mann som var dømt til ni års fengsel for drap. I boken beskrev han blant annet i detalj selve drapshandlingen han ble dømt for.

I sitt svarbrev til stiftelsen skriver departementet at det vil vurderes behovet for en slik lovendring i forbindelse med gjennomføringen av Europarådets konvensjon om vold mot kvinner og vold i nære relasjoner.

Førstestatsadvokat Kjetstin A. Kvanne hos Riksadvokaten sier til Dagsavisen at hun har stor forståelse for at spørsmålet tas opp, mens generalsekretær Per Edgar Kokkvold i Norsk Presseforbund er skeptisk til et forbud.

- Det må være et ansvar for forlagsbransjen å ha en høy nok etisk standard til å unnlate å utgi slike bøker, mener Kokkvold.


© NTB



SKEPTISK: Generalsekretær Per Edgar kokkvold i Norsk presseforbund

Scener fra et liv

manuel



De skal vist filme Robinsonekspedisjonen her i byen... I Porsgrunn? Jepp, de har jo lang erfaring med øyråd...